

Sakspapir

| | | |
|----------------------|------------------------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Arkiv | ArkivsakID |
| Anny Bastesen | FA - M30, FA - M20, FE - 153 | 16/525 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|---------------|---------------|-------------|-------------|
| 21/2016 | Formannskapet | PS | 02.03.2016 |
| 22/2016 | Kommunestyret | PS | 16.03.2016 |

Budsjettendring, omlegging vatn- og avlaupsleidningar Moldekleiv

Vedlegg:

Moldekleiv bilde med markering

Kart

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Grunneigar til gnr 27, bnr 193, Søre Heiane på Moldekleiv, har teke kontakt med kommunen då det ved graving på eigedomen vart avdekka vatn- og avlaupsleidningar som ikkje var registrert tidlegare. Grunneigaren skal setje opp ein 3,5 m høg mur i samsvar med godkjent løyve etter plan- og bygningslova. Muren er omfattande og krev ansvarleg foretak for gjennomføring. Gravemaskinføraren stoppa arbeidet då leidningane kom til syne. Situasjonen er vist på vedlagte bilete.

Administrasjonen har vore på staden og vurdert situasjonen, og køyrt kamerainspeksjon på vassleidningen. Det viser seg at dette er to hovudleidningar som vart lagt ned då Meland Utbyggingssselskap la til rette for utbygging i Moldekleiv-området. Kommunen overtok anlegget for drift og vedlikehald etter at det var meldt ferdigstilt. I leidningskartverket er leidningane plassert godt utanfor tomtegrensene, i skråningen nedanfor. Ved byggesaksbehandlinga er det derfor ikkje registrert noko atterhald eller særlege omsyn å ta. Det viser seg no at leidningane er lagt over alle byggetomtene. Dei ligg også under ein tilsvarande mur som er bygd på naboeigedomen, utan at dei vart oppdaga då denne muren vart oppført. Kamerainspeksjon syner tegn på overbelastning og fare for brot på den delen av vassleidningen som ligg under muren der.

Vurdering

Feilen ligg tilbake i tid og ein kan vanskeleg laste noverande grunneigarar for ikkje å ta omsyn til eksisterande kommunalt leidningsnett, som ikkje eingong er registrert rett i leidningskartverket. Det har heller ikkje vore grunnlag for administrasjonen å påpeike problemet. Det er krav om innmålingsdata for alle hovudleidningar før kommunen overtar anlegga for drift og vedlikehald, men dette har truleg ikkje vore praksis den gongen Moldekleivfeltet vart tilrettelagt. I leidningskartet er traséane her lagt inn slik dei er prosjektert.

Situasjonen kan løysast ved at leidningane blir lagt om utanfor tomtene, ned i skråningen der den skulle gått. Det gjeld for den tomta som no er aktuell å bygge på og for naboeigedomen som allereie

er bygd på, til saman om lag 60 m. Administrasjonen vurderer det som uforsvarleg å ikkje gripe inn med tiltak; eit leidningsbrot under ein mange meter høg mur vil ha fatale konsekvensar. Leidningane vil framleis ligge over dei øvrige tomtene i feltet, men her er det ikkje planlagt tilsvarande tiltak og terrenget er ikkje like bratt. Den delen meiner administrasjonen det ikkje hastar med å rette opp.

Det er mogleg å sjå for seg at omlegginga vert utsett til tiltaket kjem inn i investeringsbudsjettet, men administrasjonen vurderer dette som risikofylt i tillegg til at kostnadene vert høgare. Sidan det alt er gravearbeid i området, er det ein del å spare på å få lagt om leidningane no, mellom kummar som ligg utanfor tomtegrensene. Det er gjort ei vurdering på pris og kommunen kan få arbeidet gjort for inntil kr 300 000,- innafor gjeldande rammeavtale med gravemaskinførarar. I denne summen ligg også noko oppryddingsarbeid ved kummane, m.a. få betre skilje mellom avlaups- og vassleidningen. Det hastar med å få saka avklart slik at kommunen slepp å betale for ventetida til maskinføraren.

I utgangspunktet er det derfor trong for ei tilleggsføring på kr 300 000,- i investeringsbudsjettet for VA-tiltaka.

Folkehelse: Ikkje aktuelt i denne saka.

Miljø: Ikkje aktuelt i denne saka.

Økonomi: Lånekostnaden vert finansiert innan sjølvkostområdet og lastar ikkje kommunen sitt driftsbudsjett elles. Summen er såpass liten at den ikkje vil påverke avgiftsnivået. Totalkostnaden vert høgare dersom arbeidet må utsetjast.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at investeringsramma for VA-tiltak i 2016 vert utvida med kr 300 000,- for oppgradering av ein delstrekning på hovudleidningsnettet på Moldekleiv.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 300 000. Summen vert finanseirt med bruk av unyttta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 300 000.»

Formannskapet - 21/2016

FS - behandling:

FS - vedtak:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 300 000. Summen vert finanseirt med bruk av unyttta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 300 000.»

Kommunestyret - 22/2016

KS - behandling:

KS - vedtak:

«Kommunestyret auker brutto investeringsramme for 2016 med kr 300 000. Summen vert finanseirt med bruk av unyttta lånemidlar for 2015, tilsvarande kr 300 000.»